



rientering

Medlemsblad for Rogaland Nei til EU nr. 1 - 2023

MAKSPRIS NO!

Folk fryser gjennom vinteren. Dei som frå før har lite å rutta med, veit knapt korleis dei skal skaffa pengar til mat når straumrekninga er betalt. Næringsdrivande vurderer om dei må legga ned drifta, for med dagens straumprisar går dei med dunderande tap. Dagsrevyen hadde innslag om ein bonde som måtte pløya ned gulrøttene. Industribedrifta REC, som har verdas fremste teknologi for solcelle-produksjon, måtte legga vekk planane om å få produksjonen i gang igjen — det er ikkje mulig med dagens vanvittige straumprisar. Stein Lier Hansen, leiar for Norsk Industri, advarar mot storstilt industridød, og seier at frå regjeringa kjem det bare prat, ikkje handling.

Industriaksjonen krev at Norge tar tilbake den politiske styringa av vasskrafta, og innfører makspris på straum til norske kundar. Nei til EU krev det same. Partiet Raudt, Fremskrittspartiet, SV har alle levert konkrete forslag på Stortinget om å ta tilbake nasjonal styring av vasskrafta og setta pristak. I Senterpartiet har blant anna Marit Arnstad og Per Olav Lundteigen fremma liknande krav. Alternativ energikommisjon har lagt fram ei rekke konkrete forslag som kan innførast nærmast over natta. Regjeringa avviser alle forslaga. Enten seier dei at forslaga ikkje kan gjennomførast, eller at forslaget vil føra til energimangel, eller dei seier som statssekretær Amund Vik sa i romjula: det er ikkje tillatt etter EØS-avtalen.

Støre seier det er krig i Europa. Alle veit at det er krig i Europa, men skal me av den grunn overlata styringa av norsk vasskraft til EU? Hjelper me Ukraina ved å krevja overpris for norsk kraft levert frå norske kraftverk til norske kundar? Og korfor skal EU bestemma prisen på straum som ikkje ein gong går innoom EU, bare frå leverandør til kunde i Norge?

Me må avvisa alle bortforklaringar og krevja at regjeringa tar tilbake kontrollen over vasskrafta.

MAKSPRIS PÅ NORSK STRAUM TIL NORSK KUNDAR —NO!

KORFOR BESTEMMER EU STRAUMPRISEN I NORGE?

Straumprisane i Norge er skyhøge fordi dei blir fastsette på EU-marknaden. Der er det høgaste tilbod som avgjer prisen, det vil seia: det til ei kvar tid høgaste pristilbod på den dyraste energien. Prisane på straum i Norge svinger opp og ned i takten med pristilboda på EU-marknaden, og i takt med kor mange norske kraftleverandørar til ei kvar tid kan levera på EU-marknaden. Derfor blir prisen på norsk kraft levert heim til deg 10-50 gonger så høg som det kostar kraftleverandøren å levera den — også dersom kraftleverandøren held til i bygda der du bur.

Korfor er det slik?

Det er slik fordi stortingsfleirtal og regjering våren 2018 vedtok EUs tredje energipakke. Då vedtok dei at Norge skulle bli ein del av EUs energi-marknad. I pakken stod det at målet er mest mulig lik pris i heile marknadsområdet, EU med EØS. EUs energibyrå (ACER) skal overvaka marknaden, slik at det kan bli realisert. ACER fekk enkelte fullmakter og har seinare fått fleire.

For å få til ein marknad med nokolunde lik pris i heile EU med EØS må all energi flyta fritt mellom landa. Slik er det ikkje i dag. Derfor skal det byggast kablar. Då Norge i november 2021 opna ny kabel til Tyskland, kunne me eksportera bortimot ubegrensa med vasskraft til EUs dyraste marknad. Frå den eine dagen til den neste gjekk prisen til himmels.



Kan me bestemma prisen sjølv?

Nei, meiner statssekretær Amund Vik. Han er statssekretær i olje- og energidepartementet, og seier at det vil vera eit brot på EØS-avtalen.

Før det norske stortingsfleirtalet vedtok EUs tredje energipakke, bestemte Norge sjølv korleis me ville fastsetta strømprisane. Me hadde ein prislov og kunne, om me ville, laga ein ny. No kan me ikkje lenger gjera som me vil.

Regjering og stortingsfleirtal har gitt makta til EU. Slik trassar dei folkefleirtalet som to gonger har stemt NEI til EU-medlemskap.

**Me krev:
Norge må ta tilbake kontrollen over kraftprisane!**

Til venstre:
løpeseddel frå Industriaksjonen (forsida)



ACER-SØKSMÅLET GÅR TIL HØGSTERETT

Nei til EU meiner staten braut Grunnloven då EUs tredje energipakke, som oppretta energibyrået ACER, blei vedtatt. Me har stemna staten for grunnlovsbrot. Saka har gått nokre rundar i rettsvesenet. Regjeringsadvokaten hevda saka måtte avvistas, han hevda at Nei til EU ikkje hadde rett til å reisa ei slik sak. Då det spørsmålet kom til Høgsterett, vann Nei til EU fram. Det var ein halv siger.

Deretter måtte saka realitetsbehandlast, fyrst i tingretten, deretter i lagmannsretten. Lagmannsretten gav Nei til EU delvis medhold: det er den samla verknaden av alle vedtak retten må ta stilling til. Dersom vedtaket som la Norge under energibyrået ACER, var den “siste dråpa” i ein kjede med vedtak som til saman undergrev sjølvrådetretten, er det denne **samla** verknaden som retten må vurderer, ikkje bare den “siste dråpa”. Det var nok ein halv siger for Nei til EU.

Lagmannsretten meinte likevel ikkje at den samla verknaden førte til ei vesentleg undergraving av sjølvrådetretten. Nei til EU blei ikkje tilkjent saks-kostnader, noko som må oppfatast som at retten likevel meinte me hadde god grunn til å reisa søksmålet. I dag er Norge midt oppe i ei straumpriskrise, ja, kanskje den alvorlegaste samfunnskrisa i Norge sidan krigen, og no kan me ikkje lenger sjølv fastsetta straumprisen. Då meiner Nei til EU at me langt på veg har gitt bort sjølvstyret vårt. Tilmed statssekretæren i olje- og energidepartementet, Amund Vik, seier det vil vera brot på EØS-avtalen viss Norge tar tilbake kontrollen. Det siste vedtaket Stortinget gjorde, som førte til at fastsettinga av straumprisen kom under EØS-avtalen, var nettopp vedtaket av EUs tredje energipakke. Vedtaket Stortinget gjorde mars 2018— utan å bruka Grunnlovsparagrafen som gir adgang til å avgi suverenitet på eit begrensa område.

Før jul vedtok styret i Nei til EU å anka til Høgsterett. Der vil den komma opp ein gong i løpet av året.

Støtt Nei til EUs ACER-søksmål: Vipps til 516595 eller overfør ditt bidrag til bankkonto 1506.06.57308. Merk innbetalingen med «Søksmål».

SPØRSMÅL OG SVAR OM STRAUMPRISKRISA

Er det energikrise i Norge?

Svar: Nei. Norge har overskot av energi. Derfor har me i årevis eksportert mye straum til utlandet. Me hadde også stor straumeksport i 2021 og 2022. Med mange års mellomrom har me hatt "tørrår" der energiforbruket har vore litt høgare enn produksjonen, men dei åra har Norge lett dekt behovet ved å ta frå dei store lagra me bygger opp i normalåra, åra med overskot.

Kva er då problemet?

Norge har ikkje energikrise, men me har straumpriskrise. Me har krise fordi straumprisane har gått til himmels, ofte ligg på det 10-50 doble av kostpris, og endå meir.

Korfor har straumen blitt så dyr?

Straumen har blitt så dyr fordi Norge har overlatt til EU å bestemma prisen. På EU-marknaden er straumprisen knytt til prisen på annan energi, i praksis gassprisen. All energi skal seljast til høgaste tilbod på marknaden, i praksis: høgaste tilbod på gassprisen i Tyskland. EU-presidenten har innrømma at systemet i dag er dysfunksjonelt, men det ser ikkje ut til at EU klarar å bli einige om eit anna system.

Men korfor skal Norge retta seg etter EU, når dei sjølv er misnøgde med systemet?

Fordi stortingsfleirtalet i 2018 vedtok EUs tredje energipakke, der det står at Norge skal vera ein del av EUs energimarknad. Då vil EU-reglane for korleis energiprisen skal fastsettast, også gjelda i Norge.

Kjem straumen frå EU, sidan me må betala så dyrt for den?

Nei. Straumen kjem frå norske kraftverk og blir levert til norske kundar. Straumen er ikkje innom eit einaste EU-land. Når me bruker straum i Norge, har det ingenting med EU å gjera.

Har ikkje Norge stemt NEI til EU-medlemskap?

Jo — to gonger stemte folkefleirtalet NEI til norsk EU-medlemskap. Då bør regjering og stortingsfleirtal respektera dette, og ikkje gi bort styringa av ein så viktig ressurs som straumen. EU-tilhengarane respekterer ikkje folkeviljen i dette spørsmålet. Vedtaket om å slutta seg til EUs energiunion og gi myndighet til EUs energibyrå, ACER, var etter vår meining i strid med Grunnloven. Derfor fører Nei til EU sak mot regjeringa for brot på Grunnloven.

Er norsk straumeksport viktig for EU?

Nei. Norsk vasskrafteksport dekker ein halv prosent av energi-behovet i EU, norsk vindkraft betyr null. Det som er viktig for EU, er norsk gass. Norsk gasseksport blir ikkje regulert av EUs energipakke, ACER eller EØS-avtalen.

SEKS TILTAK SOM VIL LØYSA STRAUMPRISKRISA

Då regjeringa våren 2022 sette ned ein energikommisjon for å utreda tiltak i dagens energisituasjon, bestemte Industriaksjonen seg for å setta ned ein alternativ energikommisjon.

Den alternative energikommisjonen la fram innstillinga si 8. november. Der skisserte dei seks konkrete tiltak som raskt vil løysa dagens problem. Forslaga blei same kveld diskutert i NRK-programmet “Debatten”.

Her er tiltaka:

1. Norske strømpriser frikobles fra det europeiske strømprissystemet.
2. Norge skal ha full kontroll over kraftflyten i utenlandsforbindelsene. Staten styrer utveksling av strøm og salg av overskuddskraft.
3. Norge skal ha full innenlands styring over innenlands kraftomsetning. Staten forestår strømsalg, og strømsalgsselskapene avvikles.
4. Norge skal fritt kunne etablere et prisregime for norsk strøm brukt i Norge.
5. Vannet i norske kraftmagasiner må forvaltes slik at det sikrer norsk forsyningssikkerhet og gunstige priser for norske strømkunder.
6. Statnetts mandat endres i samsvar med en ny organisering av det norske kraftmarkedet, basert på reviderte/nye avtaler med EU og Storbritannia.

Heile rapporten frå Alternativ energikommisjon ligg her:

<https://a-ek.no/>



ME HAR EIN HANDELSAVTALE — ME TRENG IKKJE EØS!

“Norge treng EØS-avtalen for å handla med Europa,” blir det sagt, oppatt og oppatt. Det blir ikkje sant om det blir sagt hundre gonger. Norge har sidan 1973 hatt ein handelsavtale som har sikra gode kår for eksport til EU-marknaden. Avtalen er aldri blitt sagt opp. Den har blitt oppdatert fleire gonger etter at EØS-avtalen blei inngått, siste gong i 2016.

Me *har* ein handelsavtale og treng ikkje EØS -- ikkje for å handla med EU-landa. I EØS-loven står det at EØS-avtalen går føre alle andre lovar og avtalar som regulerer forhold som også er omtala i EØS-avtalen. Men bare så lenge EØS-avtalen gjeld. Den avtalen kan når som helst seiast opp, med eitt års varsel. Skjer det, trer den gamle handelsavtalen i kraft.

Handelsavtalen frå 1973 er ein sovande avtale som automatisk trer i kraft dersom EØS-avtalen blir sagt opp og ingenting anna blir bestemt.

EØS-loven kan folk finna på www.lovdatab.no.

Handelsavtalen frå 1973 kan folk finna ved å gå inn på stortingsproposisjonen frå då den blei vedtatt (St.prp. nr. 126/1972-73):

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1972-73&paid=2&wid=c&psid=DIVL260>

Sjølve handelsavtalen er vedlegg 4 til denne stortingsproposisjonen.

Handelsavtalen frå 1973 er aldri sagt opp.

I dag er den ein sovande avtale. Blir EØS-avtalen sagt opp, overtar den gamle handelsavtalen automatisk.



Roy Pedersen, leiar for Nei til EU, har appell før Stortinget, 20. januar i fjor. Demonstrasjonen gjaldt ikkje EØS, men straumprisane. Spørsmålet er om me kan løysa det eine uavhengig av det andre. Industriaksjonen var arrangør.

KVA ER EØS?

- ★ Føremålet med EØS er Romatraktatens (og EUs) fire «friheter», det vil seia fri og uhemma bevegelse for kapitalen i heile EØS-området.
- ★ EØS-avtalen er norsk lov med forrang føre andre lovar.
- ★ EØS-avtalen kan seiast opp med eitt års varsel; etter det vil handelsavtalen frå 1973 regulera all handel med EU-landa.
- ★ Alle standardar for vareslag som er avtala som følgje av EØS-avtalen, blir ståande også etter at avtalen eventuelt blir sagt opp, med mindre Stortinget vedtar noko anna.
- ★ EU har handelsavtalar med andre land over heile kloden. Bare EØS-landa (Norge, Island, Liechtenstein) har avtalar som gir EU rett til å diktera lovane i landet dei handlar med, og på andre måtar overstyra innanlandske forhold i landet dei handlar med.
- ★ Dersom me seier opp EØS-avtalen, blir handelsavtalen frå 1973 ståande. Me kan halda fram med å ha dei same standardar som EU på alle vareslag der me finn det ønskjeleg, men me treng ikkje lenger følgja nye diktat frå Brussel.
- ★ I 2017 gjekk 75 % av all norsk eksport til EU-landa. No, med Storbritannia ute av EU, er dette truleg rundt 50 %.
- ★ Vår største eksportmarknad for olje og gass er Storbritannia, som no er ute av EU.
- ★ Fastlandsindustriens eksport til EU nådde toppen rundt 1994, då EØS-avtalen trådde i kraft. Med EØS-avtalen har me fått eit stadig aukande underskot i fastlandsindustriens handel med EU-landa.

EØS-AVTALEN ER EIN AVTALE SOM SKAL SIKRA AT NORGE BLIR MEIR LIKT EU, OG MEIR UNDERLAGT EU.

HAR EØS-AVTALEN TJENT NORGE GODT?

Norges eksport til EU-landa som andel av samla norsk eksport nådde toppen i 1994, fyrste år med EØS-avtalen. Då hadde me i drøytt 20 år hatt ein handelsavtale med EU (som aldri er sagt opp, og no er ein sovande avtale). I åra med handelsavtalen hadde Norge eit stadig aukande handelsoverskot i samhandelen med EU.

I løpet av dei snart 30 åra med EØS-avtalen har eksporten til EU som andel av samla norsk eksport, vore synkande. Samtidig har det vore ein kraftig auke i importen frå EU til Norge. I dag er det eit kraftig underskot i fastlands-Norges handelsbalanse med EU. Det er og fare for å få underskot i handelsbalansen med EU også når me reknar med norsk eksport av olje og gass. I alle åra med EØS-avtalen har handelssambandet mellom Norge og EU utvikla seg i ugunstig retning, sett med norske auge.

Har dette noko med EØS-avtalen å gjera? Det er ikkje sikkert. Det er firma, ikkje land, som handlar. Men kva slags vilkår som blir avtala, får sjølvstøtt konsekvensar. Med EØS-avtalen blei Norge forplikta til å leggja kontraktar av betydning ut på anbod på heile EU-marknaden. Samtidig blei norske styresmakters muligheter til å gripa inn, t.d. mot firma som driv på kanten av loven eller tilmed i strid med loven, begrensa; mange spørsmål må behandlast i EU-organ før ein kan setta foten ned. Norge har blitt ein lukrativ marknad for EU-firma. Mange av desse er seriøse firma, men reine mafiafirma har òg fått sleppa til.

Det er sikkert fleire norske bedrifter som har fått kontraktar på EU-marknaden fordi dei har fått betre høve til å konkurrera om dei. Men tala viser at utviklinga har vore meir negativ enn positiv, enten årsaka ligg i EØS-avtalen eller i heimlege forhold.

Norge har blitt ein av EUs viktigaste eksportmarknader. EØS-avtalen har tjent EU godt. Men har den tjent Norge godt?

BLIR DET HARDE FORHANDLINGAR VISS ME SEIER OPP EØS?

Storbritannia fekk vanskelege forhandlingar då dei sa opp EU-medlemskapen. EU sette seg på bakbeina, fyrst i tolvte time kom ein handelsavtale på plass. Må me venta like vanskelege forhandlingar dersom me seier opp EØS-avtalen?

Norge *har* ein handelsavtale, me treng ikkje forhandla. Me *kan* forhandla, dersom me seier opp EØS — avtalen har eitt års oppseiingsfrist, som gir god tid til å forhandla om alternativ, t.d. endringar i teksten i den gamle handelsavtalen — dersom me vil. Men me treng ikkje. Dersom ingenting skjer, vil handelsavtalen frå 1973 tre i kraft automatisk.

Vil EU setta seg på bakbeina? Det er EU som har tjent mest på EØS-avtalen. No har Norge blitt ein viktig marknad for EU. Dei vil ha all interesse av å sikra gode vilkår for eksporten frå EU til Norge også i framtida. Spesielt eksport av såkalla “tjenester” (“tjenester” i EU-retten er ikkje det same som tjenesteytande næringar). Dersom Norge seier opp EØS-avtalen, vil EU ivra etter nye forhandlingar. Dei vil prøva å gjeninnføra mest mulig av det som står i EØS-avtalen. Då bør me vera svært tilbakehaldne med kva me godtar. Det beste vil kanskje vera å bli ståande på den avtalen me har: handelsavtalen frå 1973.

Siste meiningsmålingar: EU-MOTSTANDEN PÅ NYTT I FRAMGANG FEIRE VIL HELLER HA HANDELSAVTALE ENN EØS


Ei tid var det synkende oppslutning om eit EU-Nei, og aukande oppslutning om å seia JA til EU-medlemskap. Det var likevel stort fleirtal mot norsk medlemskap.

Når folk blei spurt i haust, hadde motstanden mot EU-medlemskap auka på nytt: dobbelt så mange NEI som JA. **I desember svara 55,8 % NEI til EU, mot 48,8 % i mai. Bare 27,2 % sa JA til medlemskap, mot 35,3 % i mai.**


Når folk blir spurt om kva dei foretrekker av EØS-avtalen eller handelsavtale, viser den siste målinga **klart fleirtal for ein handelsavtale.**

Vel å merka: når ein ber folk velja mellom dei to alternativa.

Blir folk bare spurt om dei er for eller imot EØS-avtalen, er dei fleste ikkje klar over at me har ein handelsavtale som automatisk trer i kraft dersom EØS blir sagt opp. Då vil mange støtta EØS-avtalen i frykt for det ukjende. Men det er ei grunnlaus frykt (som EØS-tilhengarane aktivt nærer).



Oppslag i “Norge i dag” 2.12.2022



Er du for eller mot en handelsavtale med EU som erstatter EØS-avtalen?
Grafikk: Nei til EU



Bilde frå 1. mai-feiringa i Stavanger: stand på Folkets Hus og 1. mai-toget.



ÅRSMELDING FOR ROGA- LAND NEI TIL EU 2022-2023

Årsmøtet 2022 blei gjennomført på Hotell Residence i Sandnes 12. februar. Årsmøtet valde dette styret for perioden 2022-2023: Amina Ødegaard Prestbakk (leiar, for to år), styremedlemmer Espen Watne (attvald, for eitt år), Leiv Olsen (attvald, for eitt år), Anita Utsola (attvald, for eitt år), Olav Gjesteland (attvald, for eitt år), Marthe Lien Hamre (attvald, for eitt år), Livar Sømme (ny, for to år), Eline Prestbakk (ny, for to år) og Håvard Hunsdal Schjong (ny, for to år). Varamedlemmer: 1. vara Gunnar Sirevåg (for eitt år), 2. vara Kate Elin Norland (for eitt år), 3. vara Nils Melbøe (for eitt år). Styret skulle vera landsmøteutsendingar (utsendingar og vara). Varamedlemmene har deltatt på styremøta. Me har òg invitert observatørar som har deltatt utan stemmerett.

Styret blei konstituert 21. februar med eit arbeidsutval på fire: Amina (leiar), Leiv (kasserar), Håvard og Eline. Anita og Marthe blei kvinneansvarlege, Olav og Livar blei fagleg ansvarlege, Amina og Marthe fekk ansvar for sosiale medium. Espen melde at han av private årsaker måtte la arbeidet ligga ei tid; styret vedtok at han skulle supplera dei fagleg ansvarlege når han var klar for å ta arbeidet opp att.

Styret har hatt 9 styremøte, arbeidsutvalet har hatt 7 møte, i løpet av årsmøteperioden. Førre landsmøtet var det eit særskilt møte i landsmøtedelegasjonen, i tillegg til styremøta. Styret sette ned ei gruppe for å førebu lokal markering av at det er 50 år sidan folkefleirtalet fyrste gong stemte NEI til norsk medlemskap i EEC (seinare EF, seinare EU). Gruppa hadde fleire møte.

Det har vore mye samarbeid med andre fylkeslag av Nei til EU. Særleg tett har samarbeidet vore med nabofylka våre, Nei til EU i Vest-Agder og Nei til EU i Hordaland.

Amina og Håvard deltok på sentrale fylkesleiarssamlngar i Nei til EU 6. mai og 2. september, samt på ei rekke fylkesleiar møte på Teams. Amina og Håvard deltok på rådsmøte i Nei til EU 26.-27. mars, Eline var observatør.

Amina deltok på fagleg konferanse i Nei til EU 13. mai. Nils og Amina deltok på jordbrukspolitisk konferanse i Nei til EU 21. oktober. Anita, Amina, Eline og Berit-Anne Johnsen deltok på kvinnekongressen i Nei til EU 26.-27. november.

Landsmøtet i Nei til EU blei gjennomført 11.-13. november. Desse deltok frå Rogaland Nei til EU: Amina (delegasjonsleiar), Leiv, Håvard, Anita, Olav, Marthe, Gunnar. Eline deltok i delegasjonen til UMEU. I tillegg deltok Berit-Anne Johnsen som observatør.





Frå det konstituerande styremøtet. Foran: Håvard Hunsdal Schjong, Eline Prestbakk, Amina Ødegaard Prestbakk (leiar), Anita Utsola, Livar Sømme. I midten: Berit-Anne Johnsen (observatør) og Leiv Olsen. Bak: Olav Gjesteland.



Gamle og unge i Nei til EU, her frå rådsmøte i mars: Eline Prestbakk frå Rogaland Nei til EU (16 år) saman med veteran Dag Seierstad (86 år). Det gror i Rogaland Nei til EU.

Offentlege møte i Nei til EU-regi

Hausten 2022 gjennomførte me ei kursrekke om EU: “EU og energipolitikken” (29.8., innleiar Toril Mongstad), “EU og arbeidsliv” (3.10., innleiar Boye Ullmann), “EU og demokrati” (31.10., innleiar Idar Helle) og “EØS, handelsavtale og Canada-avtalen” (29.8., innleiar Magnar Nomedal). Møta blei lagt i samband med styremøta og var eit tilbod til alle, spesielt til medlemmer i Rogaland Nei til EU. 50 personar deltok. Sju deltok på alle møta (6 timar), fire deltok på 4 1/2 timar, fire deltok på 3 timar og 35 på 1 1/2 time.

50-årsjubileet, 50 år med Folkets NEI, blei feira med lokalt festmøte på Folkets Hus i Sandnes 17. september. Hovudtalar var Anders M. Andersen, som trekte linjene frå den fyrste spede debatten kring 1960 fram til dagens situasjon. Han snakka om korleis kampane hadde vore vunne, og kor alvorlege utfordringar me står ovafor i dag. Folk som hadde vore aktive føre den fyrste folkerøystinga fortalde om arbeidet for å vinna mot ein massiv JA-kampanje frå maktas organisasjonar. Espen Hana, Reidar Larsen og Torolf Nordbø bidrog med kunstnarlege innslag. Britt Unni Laursen Ausland overrekte gåver frå partiet Konservativt: maleriet Rolf Groven malte føre den fyrste folkerøystinga og eit norsk flagg. Åsmund Kalstveit, eigar av eit småkraftverk, gav Rogaland Nei til EU ei gåve på kr. 10 000. På vegne av Rogaland Bonde- og Småbrukarlag gav Nils Melbøe ei gåve på kr 10 000.

Sjølve 50-årsdagen blei markert med sentralt møte i Oslo 25. september, og særskilt møte i den breie NEI-rørsla dagen før. Amina, Leiv, Eline og Håvard deltok frå styret i Rogaland Nei til EU og Eldar Myhre frå rådet.

Løyvingar

Nei til EU sentralt har dei siste åra slite med svært anstrengt økonomi og har derfor søkt fylkeslaga om bidrag. Årsmøtet i Rogaland Nei til EU 22. februar løyvde kr. 70 000.

Rogaland Nei til EU løyvde kr 50 000 til arbeidet mot ACER, utanlandskablar og straumprissjokk etter søknad frå Boye Ullmann i Industriaksjonen. Løyvinga vår utløyste liknande løyvingar frå fleire organisasjonar. Ullmann skulle spesielt følgja arbeidet frå energikommisjonen som regjeringa hadde sett ned, og den alternative energikommisjonen som Industriaksjonen hadde sett ned. Den alternative kommisjonen la fram innstillinga si i november. Den regjeringsoppnemnde kommisjonen skulle leggja fram innstillinga si i desember, men utsette det til mars 2023. Ullmann søkte derfor om forlenga støtte; Rogaland Nei til EU løyvde kr 15 000 av budsjettet for 2023.

Elles har me løyvd kr 2000 til Ungdom mot EU (UMEU) og me dekte utgiftene til årsmøte i Sandnes Nei til EU. Me støtta Rogaland Bonde- og Småbrukarlag ved å rykka inn annonse (mot ACER) i årsmeldinga deira; annonsen kosta kr 2000.

(framhald side 17)



På stand i Ølen 2. juni. Håvard Hunsdal Schjong, Anita Utsola, Magnar Nomedal, Amina Ødegaard Prestbakk, Britt Unni Laursen Ausdal.

Stand på Riskadagane 4.-5. juni. Bjørn Kjetel Andersen og Dagny-Helen Nygård.





-- og stand på Motvindfestivalen i Haugesund 9.-10. august: Leiv Olsen, Amina Ødegaard Prestbakk, Magnar Nomedal.

Motvindfestivalen: Sofie Marhaug (Raudt) held appell





50 år med Folkets NEI blei feira i Sandnes 17. september. Partiet Konservativt kom med gåve til Rogaland Nei til EU: maleriet Rolf Groven malte føre folkerøystinga i 1972, og eit norsk flagg. På bildet, frå venstre: Anders M. Andersen, Britt Unni Laursen Ausland, Leiv Olsen, Amina Ødegaard Prestbakk, Hawi Wakjira.

Fullsett sal på festmøtet "50 år med Folkets Nei", Sandnes 17. september. Foran t.v.: Heidi Larsen, nestleiar i Nei til EU. Foran lengst t.h.: Anders M. Andersen, som i 1988 tok initiativet til å oppretta Nei til EU.



Eksterne aktiviteter

15. februar deltok Rogaland Nei til EU på markering på Torget i Stavanger, protest mot dei høge straumprisane og mot at EU skal bestemma straumprisane i Norge. Me stilte med parolen “ACER = Brudd på Grunloven” og handplakatar “Ut av ACER”, “Nei til EØS”. Arrangør var LO i Stavanger og omegn.

8. mars deltok me i 8. mars-toget i Stavanger med handplakatar “Kjerringer mot at EU skal styre strømmen”. Anita og Eline delte ut så mange handplakatar at dei blei bære av folk i heile 8. mars-toget.

9.-10. mars deltok Eline og Amina på UMEU-samling i Haugesund.

12. mars var Rogaland Nei til EU invitert til årsmøtet i **Rogaland Bonde- og Småbrukarlag**. Amina heldt ei helsingstale, Amina og Livar hadde stand på årsmøtet.

1. mai blei kampen mot EØS, ACER og straumprisane markert i alle LO-toga i Rogaland:

Stavanger: Rogaland Nei til EU deltok på 1. mai-frokosten til LO i Stavanger og omegn og hadde stand der. Hovduparolar i 1. mai-toget var blant anna «**Ta politisk kontroll over krafta vår nå!**» og «**Gjenreis norske arbeiderretter, si opp EØS!**» (den siste etter forslag frå Stavanger Nei til EU). Stavanger Nei til EU hadde i tillegg foreslått, og fått godkjent, desse parolane som òg blei bårne i toget: «**ACER = Brudd på Grunnloven**», «**Nei til diktat fra Brussel, si opp EØS**», «**Ut av ACER — Nei til EØS**» (handplakatar) og «**Kjerringer mot at EU skal styre strømmen**» (handplakatar).

Sauda: hovudparolar var blant anna «**Ja til faglige rettigheter – Norge ut av EØS!**», «**Redd industrien – Ut av EUs energiunion!**» og «**Politisk kontroll over strømprisen!**».

Sandnes: Raudt Sandnes bar parolen «**Ta politisk kontroll over strømmen = makspris!**» i toget.

2. juni inviterte Konservativt (tidlegare Partiet De Kristne) Haugesund til **ope møte i Ølen** med Motvind Tysvær og Rogaland Nei til EU. Amina, Håvard, Anita frå Rogaland Nei til EU og Magnar Nomedal frå Vest-Agder Nei til EU deltok. Nei til EU hadde stand og verva medlemmer. Alle på møtet som ikkje alt var medlem i Nei til EU, blei verva.

4.-5. juni hadde Rogaland Nei til EU stand på Riskadagane. Amina, Berit-Anne, Bjørn Kjetel Andersen og Dagny-Helen Nygård stilte på standen saman med Eline og Maren Sægrov frå UMEU og Magnar Nomedal frå Vest-Agder Nei til EU.

9.-10. august gjekk **Motvind-festivalen** av stabelen i Haugesund, samtidig som EnergiRike blei gjennomført i Festiviteten, på den andre sida av Rådhusplassen. Nei til EU deltok på Motvind-festivalen med innleiingar (Magnar frå Vest-Agder Nei til EU og Leiv Olsen frå Rogaland Nei til EU hadde kvar si innleiing) og med stand på Rådhusplassen. Amina deltok både



Kursrekka om EU. Her frå fyrste møte, der Toril Mongstad snakka om energipolitikken.



Nils Melbøe på den jordbruspolitiske konferansen. Nyvald leiar Einar Frogner til venstre.



Stand på Rogalandskonferansen: Håvard Hunsdal Schjong, Eline Prestbakk, Amina Ødegaard Prestbakk, Alexander Hole.



Deltakarar på kvinnekonferansen, frå venstre: Amina Ødegaard Prestbakk, ukjend, Anita Utsola, Berit-Anne Johnsen., Eline Prestbakk.



Rogaland Nei til EUs delegasjon på landsmøtet. Olav Gjesteland, Marthe Lien Hamre, Eline Prestbakk (delegat for UMEU), Amina Ødegaard Prestbakk, Leiv Olsen, Anita Utsola, Gunnar Sirevåg og Håvard Hunsdal Schjong. Foran Håvard: Berit-Anne Johnsen (observatør).

på EnergiRike og Motvindfestivalen.

6. oktober deltok Rogaland Nei til EU på demonstrasjon i Sandnes mot straumprisane, arrangert av **Rogalandsopprøret**. Me stilte med parolen «ACER = Brudd på Grunnloven» og handplakatar. Amina heldt appell. Det var storm den dagen, likevel var oppmøtet godt.

28.-30. oktober deltok Rogaland Nei til EU på **Rogalandskonferansen** som LO i Stavanger og omegn og Fagforbundet Rogaland arrangerer kvart år. Amina, Anita, Leiv, Håvard og Alexander Hole (Rogalandsopprøret) var påmelde frå Rogaland Nei til EU.

Amina, Anita, Espen og Leiv er påmelde til **Trondheimskonferansen** 27.-29. januar 2023. Konferansen samlar faglege tillitsvalde frå heile Norge.

Økonomisk underskot

Me går mot eit underskot i 2022. Det har fleire årsaker. Det har vore for dårleg økonomistyring, den sterke prisveksten i samfunnet har gjort at reisar og hotellopphald har blitt dyrare og me har hatt stor aktivitet dette året. Det har vore viktig å vera ute blant folk, i samarbeid med andre i NEI-fronten. Det har vore spesielt viktig å sørge for at dei mange nye i styret fekk knytta kontaktar med viktige samarbeidspartnarar: fagrørsla, småbrukarlaget, miljøorganisasjonar, kvinneorganisasjonar — det er dei som skal føra arbeidet til Rogaland Nei til EU i åra som kjem. Me har prioritert å la dei delta på arrangement der dei kan pleia slike kontaktar.

Ein liten medlemsvekst

Gjennom heile året har det vore høg aktivitet på facebook-sida til Rogaland Nei til EU, som no blir redigert av Amina. Det har vore verva gjennom heile året, praktisk tala kvar dag har det blitt meldt inn nye medlemmer. Dessverre er det mest like mange som ikkje har fornya medlemskapen i 2022.

Ved nyttår 1.1.2022 hadde Rogaland Nei til EU 1772 betalande medlemmer. Ved nyttår 1.1.2023 hadde me 1774 betalande medlemmer. Følgjeleg har me auka medlemstalet med 2. Det er ikkje mye, men inneber at me to år på rad har snudd den langvarige utviklinga med nedgang i medlemstalet og i staden hatt ein aldri så liten vekst.



ME MINNAST INGRID SCHJELDERUP

Ingrid Schjelderup gjekk bort rett før jul, 90 år gammal.

Ingrid var i fleire tiår styremedlem i Rogaland Nei til EU. Så lenge helsa heldt, stilte ho på stands for Nei til EU og møte om EU-saka. Drivkrafta hennar var den kristne nestekjærleikstanken og omtanken for dei som sleit. Ho var eit utprega friluftsmenneske, så ofte ho kunne var ho ute i naturen. Politisk var ho aktiv i Senterpartiet.

Me takkar Ingrid for alle åra med høg aktivitet og stort engasjement for Nei til EU.



Returadresse: Rogaland Nei til EU v/Leiv Olsen,
Admiral Cruys gate 24, 4012 Stavanger

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ROGALAND NEI TIL EU 2023

**Me kallar inn til årsmøte i Rogaland Nei til EU
laurdag 18. februar kl. 10.30-15.00
på **FOLKETS HUS**, Kirkegt. 1 (inngang frå St. Olavs gate),
Sandnes**

**Forslag til uttalelser kan sendast til Rogaland Nei til EU v/Leiv Olsen,
Admiral Cruys gate 24, 4012 Stavanger, eller til meil: leolsen@online.no
innan 11. februar**

SAKSLISTE FOR ÅRSMØTET

- * 10.30 Velkomst og årsmøtesaker
- * Konstituering
- * Godkjenna innkalling og saksliste
- * Velja ordstyrar og referent
- * To til å skriva under protokollen
- * Årsmeldng for 2022
- * Rekneskap for 2022
- * Arbeidsplan for 2023
- * Innkomne forslag og uttalelser
- * Budsjett for 2023
- * Velja styre, revisor og valkomité
- * Helsingar

12.00 Pause med enkel servering

KRAFTA ER VÅR -- Kampen mot EU, EØS og ACER

- * Innleiing ved Einar Frogner, nyvald leiar i Nei til EU
- * Boye Ullmann, Industriaksjonen: Kampen mot straumprisane
- * Spørsmål og debatt

13.30 Pause

* Orientering om høgsterettssaka, v/advokatane Endresen og Brygfeld

14.30 Lunsj

Påmelding innan 11. februar

til Leiv Olsen, Admiral Cruys gate
24, 4012 Stavanger

eller leolsen@online.no



www.neitileu.no